

Rettferdig krig – meningsfullt paradigme i den økumeniske samtalen i dag?

AV OLAV FYKSE TVEIT

Eit samansett bilete av paradigmer og fredsrørslar

Det er skriving mykje om paradigmet «rettferdig krig», og om korleis kristne teologar har tenkt om det. Eg skal ikkje gå gjennom det her, det kan ein finne i mange standardframstillingar av saka. Det høyrer med til den kristne teologiske tradisjonen, om ein likar det eller ikkje. Men det er jo ikkje berre eit kristent teologisk paradigme, det høyrer heime i breiare fora for etisk tenking, og har vel spelt ei historisk viktig rolle i politisk refleksjon og handling i lang tid.

Dette paradigmet har også vore ein del av den mellomkyrkjelege debatten om kva som tener til fred mellom folka i verda. Der er det representantar for mange ulike kyrkjelege og politiske samanhengar, og dermed store forskjellar på korleis ein ser på krig og bruk av militærmakt. Sjølv om ein del kjem frå land og kyrkjer som har feltprestar, og der militærmakta blir sett på som ein naturleg og nødvendig del av statens oppgåver, er tonen som oftast svært kritisk. Ein må nok seie at dei som mest har sett tonen i debattane om krig og fred i Kirkenes Verdensråd, har hatt lite til overs for ei opning for militære løysingar, og endå mindre at kyrkjene skal forsvare ein modell for det. «Rettferdig krig» har difor vore sett på som forelda eller irrelevant modell for etisk refleksjon mellom mange i den økumeniske rørsla. Det vert av mange oppfatta som etisk uakseptabelt når ein er forplikta på vern om liv som grunnverdi, om ein er kalla til å skape fred og byggje fred.

Difor er det grunn til å spørje om det gjev noko mening å ta inn paradigmet med «rettferdig krig» når ein i dag drøftar kyrkjene sitt kall til å arbeide saman

for fred. Det har vore mange som har meint at no får det vere nok med den slags, det er «rettferdig fred» som skal vere fokus. Pave Frans også har i år teke initiativ til ein ny debatt i den katolske kyrkja om ikkje refleksjonen rundt «rettferdig krig» no skal erstattast med arbeid for «rettferdig fred».

I Kirkenes Verdensråd (KV) si historie sidan 1948, men også i forløparane til KV, som i det store møtet i Stockholm i 1925, har fred, ikkje krig, vore det store ordet. «No more war», har vore grunntonen. Fokus har vore på ikkje-valdelege, konflikt-førebyggjande og tillitsskapande tiltak gjennom sivilsamfunnets organisasjonar og økumenisk eller inter-religiøs innsats, samt på støtte til politiske, diplomatiske og konflikt-løysande grep. Det internasjonale samarbeidet gjennom multilaterale organisasjonar som FN, med oppbygginga av eit nytt regime med internasjonal lov for å forhindre krig eller stoppe krig, har fått sterk støtte av KV og mange kyrkjer i verda. Ved å sjå på konsekvensane av krig og bruk av militær makt frå ofra sine synspunkt, både dei sivile og dei militære offer, har ein kome til at krig ikkje kan vere i samsvar med Guds vilje. Den økumeniske rørsle er ei fredsrørsle. Fødd ut av dei store verdskrigane i det 20. hundreåret, har ein saman prøvd å byggje både nye relasjonar og nye paradigmer for moral og politikk.

Slik sett er svaret ganske klart: Det er ei sjølvmotseiing i det felleskyrkjelege arbeidet om ein prøver å rettferdiggjere krig og alt det fører med seg ved å vise til kristen tru og moral. Like fullt er det litt meir som kan og må seiast, også ut frå samtalene og arbeidet i KV dei siste 70 åra. Utan å fornekte den felles haldninga ein har til krig og bruk av militærmakt, er det ulike perspektiv på korleis ein skal unngå det. Det kjem dels av at her møtest ulike kyrkjelege tradisjonar, men også ulike kontekstar, og ikkje minst menneske som har hatt svært ulike opplevingar – og er prega av dei.

Det er sterke innslag av ein klar pasifistisk haldning i dei såkalla «peace churches» som brødre-kyrkjene, menonittane og mellom kvekarane. Denne finn ein også sterkt representert mellom tyske fredsrørsler, mellom menneske som har opplevd at krigen som vart starta av den tyske militærmakta øydela så utruleg mykje – også for dei sjølv.

Samstundes har det vore innslag av teologi, historier og menneske frå kontekstar der ein har sett korleis det kan gå når militærmakta kjem i feil hender og vert brukt mot uskuldir og rettskafne menneske. Motstandsørslar og strukturar som har som mål å stoppe okkupasjon, grov undertrykking, despoti, diskriminering m.m. i ulike land – som Noreg – har hatt ein viss legitimitet. Frigjeringsørslar som i Sør-Afrika har hatt status, også når dei hadde eit militært formål, som ANC i Sør-Afrika. Men dei største og vanskelegaste debattane i KV har jo

også vore om støtta til nettopp ANC i anti-apartheid kampen, fordi dei også hadde ei militær grein.

Dei siste to tiåra har det vore mange debattar med liknande resonnement rundt «The Responsibility to Protect», slik det er utforma som prinsipp i FN. Det var til dels knytt til tanken om nødvendige «humanitære intervensjonar» frå utanlandske aktørar innanfor landegrensar i eit land der militærmakt var brukt mot eiga befolkning eller grupper slost mot kvarandre med militære middel. Krigane og intervensjonane på Balkan var vel dei mest aktuelle døma på dette, og dei fekk ein viss etisk legitimitet fordi dei bidrog til å stoppe krigshandlingar og kriminalitet mot menneskeheita (crimes against humanity). Det var viktige endringar i «rettferdig krig»-paradigmet, i det ein ikkje avgrensa tanken om frontar og partar i eit krigssenario til land mot land, eller alliansar mot alliansar. Legitimiteten i å gripe inn militært var for å spare og verne liv, særleg blant sivile.

Men det skulle ikkje gå lenge før mange innsåg at dette kunne bli ei ny opning for å legitimere bruk av militærmakt på måtar som kunne bryte med alt som kunne seiast å vere gode intensjonar i eit «rettferdig krig» perspektiv. Å konstruere nye fiendebilete i og på tvers av nasjonsgrensar, og legitimere dei med at en skal verne sivile, kan føre til farlege tiltak og farleg språkbruk. President Georg W Bush sin retorikk om «the axis of evil» for å gi ein etisk og religiøs grunngeving for si krigføring, var i ferd med å latterleggjere heile tanken om rettferdig krig fordi den vart brukt til å lage nye og farlege konsept som likna alt for mykje på korstog og «heilag krig». «Krig mot terror» vart eit uttrykk som sprengte paradigmet «rettferdig krig».

Det er difor noko underleg, men kanskje også noko forståeleg, at nettopp i motstanden i 2003 mot oppbygginga av ein krig mot og i Irak under president Georg W Bush, gjorde fleire kyrkjelege aktørar gjeldande resonnement som bygde på prinsippet om rettferdig krig. Dette gjaldt at det ikkje var eit klart definert og legitimt mål for krigen, at det var lite sjanse for å oppnå det ein ville med å bruke militær makt, at den ville ramme mange andre (t.d. kristne minoritetar) enn dei ein ville stoppe (president Saddam Hussein og hans regime). Dette var sterkt framme i norsk debatt frå fleire kyrkjeleiarar si side, og det vart også formulert i ulike appellar i den økumeniske familie. Det vart brukt til dømes av statsminister Kjell Magne Bondevik som argument for å ikkje ta Noreg med i alliansen som invaderte Irak. Då han gjorde greie for si rolle og sitt resonnement i den episoden som panelleiar på KV sin fredskonvokasjon på Jamaica i 2011, var det atskillig anerkjenning å få for at han ikkje stilte Noreg på George W Bush si liste av «viljuge». Han ville ikkje vere med på den farefulle ferda mot Bagdad, sjølv om andre i regjeringa og i NATO-alliansen pressa han dit. Han heldt att, i alle fall til invasjonen var eit faktum.

Like fullt må ein nok seie at det ikkje var særleg støtte generelt til resonnementet han presenterte ut frå den gamle «rettferdig krig»- tematikken. Bondevik meinte tydelegvis at nettopp «rettferdig krig»-paradigmet hadde kunne stoppa krigen, om Bush og Blair hadde tatt i bruk noko av sin barnelærdom. Det var det ikkje mange som trudde noko på i den forsamlinga. Problema med krigføring av det slaget ein sto overfor i Irak-krigen, er overveldande, og viljen til å gjennomføre sine maktpretensjonar gjekk utanpå alle idear som pretenderer til at det er klart avgrensbare vilkår som skal vere oppfylte. Mykje av det vi i dag ser av terror i det området, er diverre langtidskonsekvensar av det som vart sett i gang. Bondevik kan ha rett i at om ein var gode teologar og etikarar i ymse regjeringar, så kunne prinsippet om «rettferdig krig» hatt eit potensiale til å stoppe krigshandlingar. Men diverre verka det ikkje slik, sjølv om det var trufaste kyrkje-gjengarar han snakke med både i London og Washington. Det var andre interesser som styrte det heile. Kritikarane til Bondevik har nok diverre rett. Det er ikkje så mykje reell hjelp i å konjugere det gamle paradigmet i ein aktuell krisesituasjon, men det kan alltid vere verdt eit forsøk.

Det er ikkje berre i diskusjonar mellom land i det klassiske «kristne» Vesten at paradigmer for å legitimere krigføring religiøst lever. Eg har ikkje kapasitet til å gå inn på ulike resonnement, tradisjonar og aktuelle problemstillingar t.d. i Islam eller hindusime her. Men det er klart frå det som skjer i ulike deler av verda i dag at religiøs motivering for bruk av vald, også militærmakt, ikkje er eit spørsmål som høyrer fortida til. Det er nye terrorrørsler og grupper som endå til framelskar bruk av vald i religionens namn. Og det er tragiske døme på at grupper vert angripne med vald og militære middel på grunn av deira religiøse identitet.

Ein nyleg publisert rapport om minoritetar sin situasjon i Syria og Irak gjev skremmande realistiske døme på denne tematikken. Tankar om ikkje berre «rettferdig krig», men også «heilag krig», oppstår i ulike former. Kor grusomt det kan bli når religion ikkje er eit vern mot bruk av vald, men ei grunngeving av vald, ser ein i daglege medieoppslag. Når bruk av vald blir legitimert med den høgst mogeleg autoritet, endå til over all menneskeleg autoritet, er det vanskeleg å sjå kva som skal avgrense bruken av vald. Det vi ser utspelar seg i vår tid i så måte, er eit enormt varsko mot koplingar mellom legitimering av bruk av vald og religion. Kor vanskeleg det kan vere å vere kritisk nok når Gud vert blanda inn i slike resonnement, bør stå som ei konstant varsellampe for nokon kvar.

Men det er også andre kontekstar der vi ser at koplinga av religion og bruk av militærmakt spelar ei vesentleg rolle for tida. I det svært kompliserte krigsbiletet i Syria, er det vorte kjent at ein del av grunngevinga for det sterke russiske militære engasjementet der, er å beskytte dei ortodokse kristne i området. Det er ei tidlegare historisk forståing av Russland som den høge beskyttar av dei orto-

dokse kyrkjene i den delen av verda som vert gjeve nytt liv. I samtalar med russiske kyrkjeleiarar og andre er dette kome tydeleg fram. Resonnementa liknar på det klassiske «rettferdig krig»-paradigmet: Det vert definert kva ein meiner er legitime mål som ein skal oppnå med bruk av militærmakt, så som å trygge område der kristne kan bu, å stoppe terrorisme, og å unngå kollaps av ein stat.

I visse tilfelle kan det også bli brukt uttrykk som «heilag krig» for å stoppe framvekst av islamsk styre og herredøme over områder og andre grupper (så som kristne). Eg har i samtalar med russiske kyrkjeleiarar kritisert tanken om at ein kan begrunne bruk av militærmakt med at kristne skal ha meir vern enn andre offer i krigen i dette området. Det er ei kristen oppgåve å skape fred for alle, og det er berre på den måten at også kristne kan finne sin trygge plass i eit framtidig Syria.

KV har konsekvent talt for politiske løysingar ved hjelp av nasjonale og internasjonale dialogar og grep, heilt sidan den arabiske våren med dei fredelege demokratiske demonstrasjonane mot regimet i Syria. KV har talt mot bruk av amerikansk intervensjon eller annan internasjonal intervensjon. I dag ser vi ein enorm militær maktbruk t.d. i Aleppo som vanskeleg kan forståast som noko anna enn eit forsøk på å sikre det noverande regimet i Syria og presidentens maktposisjon. Dette kan igjen vanskeleg forståast utan den russiske politiske og økonomiske interesse i å ha innflytelse på Midt-Austen gjennom Syria. På den andre sida er støtta til den væpna opposisjonen og den andre sida av den interne muslimske konflikten frå amerikanske allierte som Saudi Arabia, eit uttrykk for noko av det same.

Ei vanheilag blanding av religion og maktinteresser i ulike kombinasjonar utspelar seg, med det syriske folk som avmechtige offer for brutalitet, militarisering og våpenbruk. Ikkje minst har regimet i Syria sjølve brukt forferdelege og heilt ulovlege våpen mot sivilbefolkninga i sitt eige land. Diverre har terrororganisasjonar som IS blitt ei ny legitimering av bruk av militære middel også langt utover det å bekjempe den terrororganisasjonen og deira herjingar.

Framveksten av sterke terrorgrupper og deira maktposisjon (så som IS) har aktualisert bruk av det ein kan kalle legitim militærmakt på nye måtar. Det er ingen sterke protestar mot at det vert brukt militærmakt for å vinne tilbake byar IS har okkupert og terrorisert med sitt ekstreme valdsregime i Irak. Heller ikkje frå det ein kan forvente frå sterke pasifistiske røyster, har ein høyrte mykje. Det viser at det er ei forståing for at misbruk av militærmakt i visse tilfelle må stoppast med militærmakt. Det er interessant å sjå at det har vore viktig for mange, ikkje minst USA, men også Noreg, er å bidra til dette innanfor internasjonal rett ved å styrkje irakiske styrkar sin kapasitet til å gripe inn på eige lands territorium.

Det som eg ser som meir aktuelt enn å stille opp att dei klassiske paradigmeøvelsane for å begrunne at «rettferdig krig» framleis er ein relevant innfallsvinkel, er å innsjå at problemet er der og vil nok framleis vere der: Korleis skal ein som kyrkje forhalde seg til at militære middel de facto vert brukte, at det er mange som er ramma av det eller er truga av det, og at det er nødvendig å stoppe enorme overgrep ved å kjempe mot terror-regimer? Vidare: Korleis kan ein som fellesskap av kyrkjer bidra mest til at militær makt ikkje vert brukt for å løyse konflikhtar og motsetnader, i alle fall begrense bruken av dei til eit minimum? Og ein må spørje vidare i vår tid: Korleis kan ein unngå at religiøse motiv, om dei er kristne eller ikkje, vert brukte som motivasjon for vald og terror, og for å legitimere militarisering og store militære aksjonar som skaper offer og nye konflikhtar?

Nytt paradigme: «Rettferdig fred» i staden for «rettferdig krig»?

I lys av den sterke fredstanken i den økumeniske rørsle har stort sett alle partar, om ein er pasifistar eller ikkje, vorte samde om at det er nødvendig å sette kallet til å skape og bevare fred utan militærmakt høgt på prioriteringslista. Det er langt på veg ei felles erkjenning at ein kan ikkje kome i mål med full kyrkjeleg konsensus om bruk av militærmakt med det gamle paradigmet «rettferdig krig». Det vert ikkje konsensus korkje om å seie ja eller å seie nei til det.

Ein har også tatt eit steg vidare. I staden for å ha ein diskurs om «rettferdig krig» har ein prøvd å definere eit større fredsbegrep: «rettferdig fred». Det har ein gjort ved å tale om fred med skaparverket, fred på marknadsplassen, fred i lokalsamfunna («in the communities»), og fred mellom folka. Dette er utvikla i ramma av det såkalla økumeniske tiåret for å bekjempe vald (2001-2010), og med særleg tanke på den avsluttande fredskonvokasjonen på Jamaica i 2011. (Generalserketær i Mellomkyrkjeleg råd, Berit Hagen Agøy, har i dette nummeret av *PACEM* gjort godt greie for resonnementa og innhaldet i publikasjonar som vart utarbeidde ved det høvet om kva innhaldet i eit paradigme om rettferdig fred kunne innehalde.)

Det er mykje som set diskusjonen og, ikkje minst, den programmatisk innsetningen på eit riktig spor med dette grepet. Den mest effektive og langsiktige måten å unngå bruk av militærmakt på, er å motarbeide eller fjerne årsaker til konflikhtar som kan utvikle seg til valdelege eller militære konflikhtar.

Det er ikkje mange, om nokon, militære konflikhtar mellom nasjonalstatarar i dag (Korea er ei halvøy utan fredsavtale mellom Nord- og Sør-Korea, men ikkje ein aktiv krig). Dei varme konfliktane er mest innan landegrenser mellom ulike grupper (Ukraina, Sør-Sudan, Nigeria, Colombia, Syria, Libya m.m.), eventuelt på tvers av landegrenser mellom grupper som er etnisk, ideologisk eller religiøst

definerte (eller ein kombinasjon av desse). Det er avklarte motsetnader mellom ulike grupper som er årsak til væpna konflikhtar. Det skjer oftast der det er mangel på felles, stabiliserande, pålitelege og rettferdige system med likskap for lova, demokratiske styresett, økonomisk rettferdig fordeling og tillitsskapande relasjonar. Kriminalitet som kjem ut av kontroll, t.d. narkotikahandel og våpenhandel, kan verke sterkt destabiliserande (som i Colombia).

Dette talar også for at det mest målretta vi kan gjere som kyrkjer for å motverke eller stoppe bruk av militær makt, er å byggje fred nedanfrå. Då må det vere fred som vert oppfatta som rettferdig, og ikkje undertrykkjande eller konfliktskapande. Det må då vere rom for at ulike grupper kan uttrykkje sine ynskjer og mål utan å bli møtt med militærmakt. Krisa i Syria oppsto når den arabiske våren med krav om demokrati vart møtt med våpenbruk av regimet. Ei potensiell krise av tilsvarande art kan utvikle seg i Etiopia, om regjeringa vel same metode overfor sterke krav til utvikling og meir rettferdig samfunnsutvikling i landet.

Som leiar i KV har eg teke initiativ til at muslimske og kristne og andre sivilsamfunnsaktørar i Syria har ein dialog om korleis ein kan leve saman i eit framtidig, felles og demokratisk Syria. Det har vore viktig og bidratt til lokale og internasjonale relasjonar, men har ikkje så langt ført til nasjonale løysingar. Eg har oppmoda regjeringa i Etiopia og kyrkjene i Etiopia til å samarbeide om tillitsskapande tiltak i staden for å la valden utvikle seg i eit stammedelt land. Det har vore godt motteke, men det trengst å bli følgt opp.

I Sør-Sudan er kyrkjeleiarane mellom dei få som prøver å byggje tillit og samtale mellom dei etniske gruppene som vert sett opp i mot kvarandre under leiinga av politiske aktørar. I Burundi kan kyrkjene spele ei rolle i å dempe motsetnader, men dei kan også kome til å bli brukt for å forsterke dei. I Nigeria er det viktig med tiltak som mobiliserer ansvarlege muslimske og kristne leiarar for ein felles ikkje-valdeleg agenda. I Colombia er det fredsforhandlingar som må føre til fredsavtale og fredsbygging. Utan aktiv deltaking frå sivilsamfunnet, inkludert kyrkjene, er det vanskeleg å få legitimitet og styrke til slike prosessar på lang sikt. I alle desse samanhengane prøver KV å støtte kyrkjene i deira freds-skapande rolle, og å hjelpe dei til å unngå å verte ein årsak til konflikt.

Dømene er mange på at det er bruk for konkrete tiltak for å byggje felles verdiar som sikrar rettferdige ordningar for så mange som råd i eit område eller eit land. Det er også mange døme på at det er ei viktig rolle for kyrkjer og andre religiøse gruppe med deira leiarar til å fremme fredsbyggjande initiativ.

Det er ganske opplagt at det er sterke økonomiske og etterkvart også økologiske problemstillingar bak konflikhtar som utviklar seg til å bli valdelege. Det er vel vanskeleg å finne væpna konflikhtar som ikkje har økonomiske problemstil-

lingar som ei sterkt drivande kraft. Ulik tilgang til eller rett på utkome av naturressursar, enten det er mineral, olje eller vatn, er viktige konfliktpotensiale. Ulik fordeling av gode i eit land mellom ulike grupper skaper motsetnader som kan verte svært bitre.

Dei fire dimensjonane i «rettferdig fred» er relevante i dei fleste konfliktområde, diverre. Dessutan er det eit stort potensiale for nye konflikhtar om ein ikkje aktivt arbeider for desse dimensjonane av rettferdig fred. Ein kan vel også seie at dette paradigmet har ein parallell i den meir utvida fredsforståinga som kjem til uttrykk til dømes i tildelingane av Nobels fredspris.

For ein organisasjon som KV, saman med dei fredsørslar som arbeider økumenisk, er det viktig å ha fokus på korleis ein byggjer samfunn og fellesskap ut frå slike verdiar. Vårt største engasjement for å skape rettferdig fred i samarbeid med FN har meir med gjennomføring av dei bærekraftige utviklingsmåla (SDG - Sustainable Development Goals) å gjere enn det har med diskusjonar i Tryggingrådet. Vi følgjer det siste også nøye, ikkje minst med tanke på korleis Tryggingrådet burde ha fylt si rolle mykje betre enn det som er tilfelle i dag. Men den daglege innsats for rettferdig fred er mest knytt til kva vi gjer for å unngå konflikhtar av ulike slag ved å arbeide for betre og meir rettferdig utvikling gjennom tillitsskapande relasjonar og mobilisering av sivilsamfunnets potensiale. Eit døme er den nye samarbeidsavtalen mellom KV og UNICEF, for å sikre at barn opplever at deira rett til å bli verna mot vald vert omsett i praktisk handling.

Kvifor «rettferdig» fred og korleis definere det?

Når ein prøver å innføre nye motto eller slagord, eller paradigme (om ein vil kalle det så), er det nødvendig å arbeide med kva ein meiner. Eg har støtta at ein har ein fortløpande dialog om kva som ligg i konseptet «rettferdig fred». Det gjeld å arbeide vidare med tekstar og definisjonar, ut over det som vart lagt fram i 2011 på fredskonferansen på Jamaica. Det er viktig med begrepsmessige avklaringar.

Like viktig har eg funne at det er å arbeide med kontekstuelle utfordringar og erfaringar for å finne ut kva det betyr og kan bety i ulike samanhengar og konflikhtar. Ein rettferdig fred i Colombia må bety mykje av det same som ein rettferdig fred i Israel og Palestina. Men utfordringane for å kome dit er nokså ulike, og metodane kan vel også variere.

Det er ein fare i at omgrep som «rettferd» vert veldig store og vage. Ei endå større fare er at dei vert brukt for å fremme egne interesser på ein måte som ikkje skaper rettferd for dei mange eller ei rettferdig rettferd, om ein kan seie så. Til dømes kan krav om «historisk» rettferd verte svært vanskeleg å handtere, og føre til ny motivasjon for både konflikt og urett.

I den uløyste konflikten mellom Israel og Palestina er det svært tydeleg at det må vere fokus på både rettferd og fred for at det skal bli ein varig fred. Løysingar som ignorerer det som er definert i internasjonal rett og i menneskeretts-erklæringar med tanke på rett og rettferd, vil ikkje skape fred. Sjølv om ein med sterke maktmiddel kan halde motstand mot okkupasjon nede, slik det er tilfelle i dag, skaper det ikkje ein varig fred.

I den konflikten, som også har så mange tilknytingspunkt til religiøse motiv og heilage stader, er det ekstra viktig at ein ikkje blandar diskursane på måtar som gjer dei heilt ugjennomtrengjelege. Den typiske problemstilling her har vore bruk av heilage tekstar for å begrunne rettar til land og område. Det er ein heilt umogeleg metode om ein skal skape ein rettferdig fred i vår tid. Religionen vert ikkje då eit middel til fred, men ei hindring for fred.

På same måte vil bruk av historiske referansar for å definere endeleg kva som er rettferdig i dag, verke svært kompliserande. Eit døme er definisjonen av Jerusalem og kva den byen er. Ein kan ikkje vere ahistorisk, og lage ei konstruert politisk løysing utan å ta omsyn til at dette er ein heilag by for tre religionar. Men ein kan heller ikkje løyse det ved å seie at noko av historia er viktig og andre deler av den skal ignoreras, korkje frå jødisk, muslimsk eller kristen side.

Israel og Palestina er heilt ulike storleikar, og det er ikkje eit jambyrdig forhold mellom dei. Ein rettferdig fred må ta omsyn til at i dag er den eine part okkupert og den andre er okkupant. Då må ein ikkje skape illusjonar om at forhandlingar kan føregå som om dei var likestilte. Når staten Israel vart oppretta i lys av dei nye paradigmene med internasjonal lov og rett etter 2. verdskrigen, må ein kunne forvente at den same staten aksepterer dette paradigmet når nabostaten Palestina skal få definert sine grenser og rettar. I dag er ikkje det tilfelle. Internasjonal rett om okkupasjon, om FN si rolle i å definere grenser, om rett til å leve utan okkupasjon eller eventuelt under regime som behandlar borgarane likt, må leggjast til grunn om ein skal kome noko veg. All bruk av vald må fordømast og stoppast, om valden kjem frå individ, grupper eller statar.

Ein annan veg – ein pilgrimsveg for rettferd og fred

Når KV har definert eit felles motto for alt arbeid i denne perioden melom 2013 og 2021 med å kalle kyrkjene og samarbeidspartnarar til «A Pilgrimage of Justice and Peace», har ein sagt mykje om kva som har prioritet. Det er eit sterkt uttrykk for at nettopp fredsdimensjonen i vårt kristne kall må stå i forgrunnen, og at det må vere bygd på visjonar om gudsrikets verdiar. Pilgrimsmotivet understrekar vår vilje til forandring, til å vere audmjuke, ikkje ta oss til rette, men

nettopp å søkje Guds vilje i møte med dei utfordringar våre medmenneske står overfor i konflikhtar rundt omkring i verda.

Slik sett er både program og strategiar utforma med stor vekt på nettopp kva som forhindrar eller stoppar bruk av vald og militære midlar. Det er gjort mykje for å vise at dette ikkje handlar berre om visse (akademiske?) diskusjonar om paradigmer om rettferdig krig eller rettferdig fred, men om den daglege vandring saman for å finne nye uttrykk for vår tru på Guds rettferd og fred.

Eit svært viktig grep i denne samanhengen har vore å vise at alle agendaer i den økumeniske rørsle kan sameinast under dette perspektivet. Det er tale om meir enn visse politiske eller etiske diskusjonar, men det fulle og integrerte engasjement for alle menneske og for heile skaparverket. Rettferd og fred er omgrep som definerer vårt forhold til Gud, til verda og til kvarandre.

Det trengst eit felles arbeid med kva det betyr at rettferd og fred må skapast som vilkår for vårt felles liv på jorda. Det vert drive fram av visjonar som vi ber med oss som kristne, visjonar om Guds rike som gjer at Guds vilje skjer på jorda så som i himmelen. Slike visjonar kan i beste fall motivere til å sjå dei felles interesser vi har for å verne og utvikle vårt felles liv på jorda.

Konklusjon: diskusjonen må fortsette

For tida er det ei enorm militarisering av mange regionar, og ei veldig oppbygging av våpenarsenal i Europa, i Nord-Aust Asia, i Midt-Austen og i USA. Vi levde i ei tid for nedrustning etter at den kalde krigen var over. Vi trudde vi såg starten på slutten av atomvåpen-arsenal som del av trygging av ulike lands interesser. Det er ikkje lenger tilfelle, og det er mange som må bere ansvar for at det er slik. Sjølv Noreg stemmer mot eit forslag i FN om å starte ein prosess for å forby det mest utbreidde masseøydeleggingsvåpna, nemleg atomvåpen. Endå til når det var ein prosess Noreg var med å starte, skjer det. Det er mange slags interesser som ligg bak.

Uansett kva slags resonnement ein måtte bruke rundt bruk av militærmakt, er det nokså lite truverdige om ein ikkje anerkjenner at det handlar primært om kva interesser ein har som nasjon, allianse, folkegruppe eller maktelite. Om desse interessene synest å vere legitime for bruk av militærmakt eller ikkje, får ein nok ikkje svar på berre med meir eller mindre gjennomtenkte etiske resonnement om militærmakt - isolert sett. Det handlar om grunnleggjande haldningar og verdiar vi har til heile livet, til samliv mellom menneske, folkegrupper, religiøse grupper nasjonar, raser, kvinner og menn. Det handlar om kva vi meiner er rett og rettferdig, i ei verd med avgrensa ressursar, med minkande tilgang til basale ressursar som reint vatn, rein luft, plass til å leve og trivast. Det handlar om økono-

misk rettferd og økonomisk bærekraftig utvikling, utan å bruke tid og krefter og ressursar på våpen og å prøve å byggje opp att alt våpen kan øydeleggje.

Det handlar også om store økonomiske interesser i at våpenproduksjonen vert utvikla og at det vert produsert og seld store mengder av stadig meir avanserte våpen og ammunisjon. Det er viktig å ikkje ignorere denne sida av saka i den etiske drøftinga av militær makt. I avtalen mellom USA og Israel som president Obama skreiv under på i september om 28 milliardar dollar i militær støtte til Israel, er ein vesentleg del av avtalen at våpna skal produserast og kjøpast i USA. Det er ein stor marknad for sal av våpen, også handvåpen, som gjer at konflikta vert fora med våpen og ammunisjon, også der ein nesten ikkje har noko anna – som i Sør-Sudan. KV har saman med mange av sine medlemskyrkjer og andre partnerar arbeidd hardt for å få til FN-baserte avtalen om kontroll av sal av våpen som vart til for eit par år sidan («The Arms Trade Treaty»). Det er eitt av dei konkrete tiltaka vi kan ta tak i, også som kyrkjer.

Vi lever i ei verd der vi er meir og meir avhenginge av kvarandre og vilje til å finne felles løysingar på våre utfordringar. Flyktningestraumar frå krigsområder er uttrykk for menneskelege tragediar, men det er også utfordringar som mange land og regionar må løyse saman. Det er ikkje noko veg utanom, om ein vil bidra til å stanse valdsbruk i konflikta. Det er ikkje enkle svar på desse utfordringane. Men det er vesentleg å sjå korleis nettopp breidda av engasjement og koplingar av problemstillingar er viktig for å unngå dei katastrofar som bruk av militærmakt medfører. Kva for interesser som verkeleg er våre felles interesser, kan ikkje definerast ved eit enkelt paradigme. Det trengst langsiktig og målretta felles arbeid for å skape tryggleik i verda for alle. Om ein må skape balanse i tilgang og bruk på maktmiddel for å unngå at nokon tek seg til rette, er det desto meir viktig å arbeide for å byggje ned konflikta og unngå at motstridande interesser fører til ein forsterka vilje til bruk av militærmakt.

Det trengst eit sterkt FN som gjer nasjonalstatane forplikta på å finne felles politiske og ikkje-valdelege løysingar på konflikta. Det trengst også sterke folkelege rørsler, inkludert den økumeniske rørsla, som er verdimessig tung og som har innverknad på grunnleggjande haldningar om samarbeid og samhald i ei globalisert tid. Det kan også uttrykkjast i program for felles internasjonale tiltak så som FN. Også deira arbeid treng samspel og støtte frå organisasjonar som Kirkenes Verdensråd. I sitt svar til min gratulasjon til den nye generalsekretæren i FN, Antonio Guterres, skreiv han mellom anna at vår tid krev leiarskap som er audmjuke nok til å samarbeid med alle gode krefter, og at KV sin innsats for fred og rettferd avkrev respekt og trengst i åra framover.

Samtidig som vi har desse meir overordna måla, må vi erkjenne at det er nødvendig å delta i debattar om våpen og militærvesen ut frå det faktum at det er

enorme mengder våpen i verda og at vi må unngå at dei vert brukte til det dei er lagde for: Å skade og drepe. Om det er i forsvar eller angrep, våpen har same grunnleggjande formål om dei vert brukte. Og vår fremste oppgåve i etisk arbeid om krig og fred er uansett å unngå at dei vert brukte. At dei kan brukast til avskrekking, er eit viktig faktum, men det endrar ikkje kva våpenbruk fører til.

Vår oppgåve som kyrkje og fellesskap av kyrkjer må alltid vere å kalle til medvit om og innsats for det som tener vårt felles gode som menneske og skaparverk, med dei beste etiske resonnement og dei beste verdiar vi kan kome med som skyts. Det er også det enkelte menneske sitt ansvar, uansett om ein er religiøst orientert eller ikkje. Det er ikkje legitimt for nokon å seie at nokre menneske er mindre verd enn andre, eller skal ha mindre vern mot vald enn andre. Vi må alle vere viljuge til å spørje korleis vi vernar alle menneske mot bruk av våpen, og kalle på samarbeid over alle slags grenser. Det er ein del som må endrast for at verda skal vere ein tryggare stad for alle, ikkje minst for dei som har minst makt og minst våpen. Som til dømes barn. Dei er alltid offer i krig, ikkje berre der og då, men med traumer som fylgjer dei resten av livet. Stundom fører det til nye valdshandlingar.

Det er tid for ny refleksjon om kva ein eigenleg skal sikre om ein har militære middel. Vert ein egentleg mindre sårbar av at det er stadig fleire våpen i omloop? Vi må lære av kva som skjer i ei tid der vi ser at våpen vert brukte for å fremme etniske gruppeinteresser, framelsking av nasjonalisme, religiøs bruk av maktspråk og motivasjon for vald, forsvar av privileger, frykt for andre og deira nærvær.

Med andre ord: Det er tid for fornya, økumenisk og inter-religiøst engasjement i refleksjonar og debattar om kva som bidrar til fred i den verda vi lever i i dag. Då må vi nok innsjå at dei vanskelege spørsmåla om våpen og militærmakt kjem ein ikkje utanom, korkje i dag eller i framtida.

Vårt kristne håp er at Gud vil leie våre føter inn på freds veg (Luk 1,79).

Olav Fykse Tveit (f. 1960) ble valgt til generalsekretær i Kirkenes verdensråd i 2009 og gjenvalgt for ytterligere en 5-årsperiode i 2014. Fykse Tveit ble cand theol ved Menighetsfakultetet våren 1986, og tok praktikum samme sted i 1987. I 2002 tok han dr.theol-graden ved MF, med avhandlingen «Mutual Accountability As Ecumenical Attitude: A Study in Ecumenical Ecclesiology Based on Faith and Order Texts 1948-1998». Han var feltprest ved Sessvollmoen (1987-88), sogneprest i Haram i Møre bispedømme (1988-1991), konsulent i teologiske spørsmål for Mellomkirkelig råd (1991-1996), før han ble forskningsstipendiat fra 1996 til 2001. Fykse Tveit var sekretær for Den norske kirkes lærenemnd (1999-2000), og sekretær for Kirke/stat-utvalget (2001-2002), da han ble generalsekretær i Mellomkirkelig råd for Den norske kirke (2002-2009).